

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 21. oktober 2024 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Torodd Kinn (undervisningskoordinator), Gisle Selnes (allmenn litteraturvitskap), Carl Börstell (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Melanie Fieldseth (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Marianne van Baar (Norsk kursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Henning Laugerud (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Agathe Galtung, Synnøve Aukan Meisingset (studentrepresentantar), Helga Ramstad Vatsaas (sekretær)

Frå studieadministrasjonen: Dina-Eirin Kleppe Leikanger, Sissel-Karin Leknes, Amund Sørås, Veronica Christensen

Saksliste

UUI-sak 15/24: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 16/24: Orienteringssaker.....	1
UUI-sak 17/24: Fellesemne frå hausten 2026.....	2
UUI-sak 18/24: Ymist.....	2

UUI-sak 15/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste

UUI-sak 16/24: Orienteringssaker

- a) **Leganto:** Litteraturlistene for vårsemesteret 2025 kan redigerast mellom 4. oktober og 1. november. Manglar emneansvarleg tilgang til ei liste hen skal redigere, kan hen ta kontakt med studiekonsulent. Meir informasjon i e-post frå Helga fredag 18. oktober.
- b) **Undervisningsplanlegging våren 2025:** Det er ønskjeleg at fagkoordinatorane fordeler undervisninga i fagmiljøet, og samtidig legg føringar på kor mange timar ein kan bruke på kvart enkelt emne. Her må ein ta omsyn til både undervisningsomfanget som er skildra i emneomtalane og kva tilgjengelege ressursar ein har.
- c) **Retningslinjer om fusk og sensur (UHR):**
 - Retningslinjer for fusk:
<https://www.uhr.no/temasider/karaktersystemet/veiledende-retningslinjer-fusk/>
 - Retningslinjer om sensur:
<https://www.uhr.no/temasider/karaktersystemet/veiledende-retningslinjer-for-sensur/>

UUI-sak 17/24: Fellesemne frå hausten 2026

Vedlegg: Arket «Endringer i reglene for BA-program ved Det humanistiske fakultet»

Frå og med hausten 2026 skal alle bachelorprogram ha minst eitt emne (10-15 studiepoeng) i spesialiseringa felles med eit anna program. I tillegg skal Akademisk skrivning erstattast av eit nytt innføringsemne som blir obligatorisk i alle bachelorprogram på fakultetet. Språkkunnskap i si noverande form blir lagt ned.

I møtet kjem det fram at fleire av fagmiljøa er urolige med tanke på endringane, men at dei fleste har begynt å tenke på moglege samarbeid. Norrøn filologi er redd for at endringane i BA-strukturen skal gå ut over kontinuiteten i språklæringa.

Språkvitskap er det einaste programmet på LLE som ikkje har eit eige innføringsemne. Det er også dei som i størst grad blir råka av nedlegginga av Språkkunnskap. Fagmiljøet vil, saman med undervisningskoordinator, kontakte IF ang. ei mogleg vidareføring av Språkkunnskap (eller eit liknande emne).

Representanten for lektorutdanninga minner om at nordisk må ta omsyn til lektorstudentane.

Studentrepresentantane har fått tilbakemelding frå fleire studentar som er redde for at innhaldet i fellesemna blir «vatna ut» slik at dei ikkje blir relevante for nokon.

UUI-sak 18/24: Ymist